

Vaksdal Modalen Skyttarlag  
c/o Trygve Mjelde Skjerjavegen 60  
5729 Modalen

Vår ref.	Dykkar ref.	Arkivsak	Sakshandsamar	Direktenr.	Vedtaksdato
055/23		23/368 - 3	Veronika Seim Bech	90910709	11.05.2023

## Vedtak - tilskot til skytebane frå BKK-Viltfond 2023

### Saksopplysningar

Styret i BKK-Viltfond lyste ut midlar med søknadsfrist 31.03.23.

Vaksdal/Modalen skyttarlag søkjar om tilskot til innkjøp av 4 elektroniske skiver til bruk på laget si skytebane i Litlevika på Eidslandet. To av skivene skal nyttast til 100-metersbane og 2 av skivene til 2000-meters bane. Den totale kostnaden er 274.913,-

Tore Henrik Øye kom med tilleggsopplysningar om skyttarlaget sin søknad av di oversendingsbrevet frå kommunen ikkje var lagt ved innkalling til møtet.

Skyttarlaget søkjer om til saman kr. 200.000,- frå kommunane Vaksdal og Modalen. Administrasjonen for viltforvaltning i Vaksdal og Modalen sende søknaden vidare til vurdering i høve BKK-Viltfondet og ber i oversendingsbrevet om kr. 100.000,- .

Dei skriv at det planlagde tiltaket er interkommunelat med bruks- og nytteverdi for jegerar både i Vaksdal og Modalen kommunar. Tiltaket vil også leggje til rette for ei moderne og funksjonell skytebane, kunne stimulere til aktivitet og bruk og utgjere eit viktig kompetansehevande tiltak, gjennom gode skyteferdigheiter. Dei meiner såleis at søknaden fell innafør dei føremåla som viltfondsmidlane skal fremje.

Styret i BKK-Viltfondet handsama søknaden i teams-møte den 19.04.23.

### Vurdering

Villrein bestanden går på tvers av kommunegrensene og er felles mellom kommunane.

Det kom inn tre søknadar. Styret gjekk gjennom alle søknadane før dei gjorde vedtak.

Handlingsplanen av 2021 gir retningsliner for bruk av midlane. Midlane frå BKK-viltfondet skal vera ei delfinansiering. Styret kjem til å stilla noko strengare krav til søknadane framover. Styret ynskjer også sluttrapport frå prosjekta.

BKK-Viltfond set som vilkår at dei får tilsendt rapport frå prosjektet. 75% av tilskotet kan betalast ut no. Resten vert betalt ut når tiltaket er ferdig og sluttrapporten er motteke.

Styret legg til at det må gjerast årlege vurderingar av innkomne søknadar opp mot saldo på fondet.

### Heimel

- «Vedtekter for BKK sitt viltfond i samband med Eksingedalsreguleringa», vedteke i Modalen, Voss, Vik og Vaksdal kommunestyre 2001.
- «Handlingsplan for BKK-Viltfond 2022 –2025», vedteke av styret 08.12.2021.

### Vedtak:

Styret i BKK-viltfond vedtok samrøystes å løyve kr 10.000,-til Vaksdal/Modalen skyttarlag for innkjøp av 4 nye elektroniske skyteskiver på skytebane i Litlevika på Eidslandet.

Vilkår: BKK-Viltfond får tilsendt ei sluttrapport frå prosjektet.

75% av tilskotet vert betalt ut no og 25% vert halde tilbake til ein har motteke rapporten.

### Klage:

Vedtaket gjev klagerett etter Forvaltningslova av 10. feb. 1967. Sjå vedlagt melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. Klagefrist er 3 veker etter melding om vedtak er motteke. Klage skal sendast til Vik kommune.

Med helsing

Sveinung Klyve  
Styreleiar i BKK-Viltfond

Veronika Seim Bech  
Landbrukssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Kopi

Modalen Kommune	Postboks 44	5732	Modalen
Vaksdal Kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	Dalekvam
Voss Herad	Postboks 145	5701	Voss

(1)Sendar <b>Vik kommune</b>	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
	(2)Dato
(3)Mottakar	(4)Klageinstans Vik formannskap
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klaga på eit vedtak De er gjort kjend med.	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage på vedtaket.
<b>Kven kan de klage til</b>	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jamfør rubrikk (4).
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre – 3 – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom de klagar så seint at det kan vere uklart for oss om de har klaga i rett tid, bør de oppgi datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må de nemne grunnen til at De ønskjer det.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	De må presisere: -Kva for eit vedtak De klagar på -årsaka til at De klagar -den eller dei endringar som De ønskjer -eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
<b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b>	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jamfør rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
<b>Kostnadene med klagesaka</b>	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen, jamfør rubrikk (4), vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga. (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje saker som er avgjorte av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar:	